

Myndig tru – mangfaldige fellesskap

Kyrkje med aldersgruppa 18–30 år

Eit evangelium for oppbrotet

Like etter at Jesus er død på krossen, sit disiplane i Jerusalem bak stengde dører i redsle for verda utanfor. Nokre er glade og opprømte fordi dei har sett den oppstadne Jesus Kristus. Andre er urolege og tvilande. Brått står Jesus midt imellom dei. Han talar til dei, et saman med dei og let dei få sjå dei krossmerkte hendene og føtene. Så sender han dei ut i heile verda for å dela det underet disiplane sjølve har fått opplevd.

Denne forteljinga er eit evangelium til unge i alderen 18–30 år som lever med oppbrotet som ei grunnerfaring. Dei fleste i denne aldersfasen må bryta opp frå heimen og det vande. Det som ventar dei no, er arbeid, reiser, studiar og nye relasjonar. For nokre byrjar oppbrotet allereie i 15–16-årsalderen. Denne livsfasen er ofte ei tid då ein både nyt og plagast av mobilitet, men det er òg ei tid då ein blir kjend med og buset seg på nye stader. For sjølv i ein mobil nettverkskultur har ein sterkt behov for å tilhøyra. Nokre i denne aldersfasen opplever òg korleis det er å etablera seg med bustad, familie og barn. På mange måtar er også denne etableringa prega av oppbrot: Ein må bryta opp både frå ein stad der ein òg gjerne har relasjonar, og frå det fleksible og mobile livet som ein ofte har levd før den nye etableringa.

Jesus gir disiplane del i ei mobil tru idet han opnar døra i Jerusalem og sender dei ut i heile verda. Det som kjenneteiknar den mobile trua, er ikkje at ho er rastlaus, men at ho kan levast ut på nye stader og i nye fellesskap i tillit til Jesu lovnad om å vera med oss: "Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står!" (Matt 28,20). Den treeinige Gud skapar kyrkja der menneske samlast om Ordet og sakramenta. Desse handlingane – eller denne praksisen – gir mening i ulike samanhengar og kan vidare gi rom for meir kontekstuel prega måtar å praktisera tru på.

Ei kyrkje som vil ta aldersgruppa 18–30 år på alvor, må ta inn over seg at denne alderen ofte er tida då ein oppdagar og utforskar. Det utfordrar kyrkja på kva det vil sei å vera kyrkje. I denne aldersgruppa søker dei til ulike typar fellesskap, både mindre fellesskap med rom for samtalar ein til ein, ulike nettverks- og interessefellesskap og større fellesskap. Det ser ut til at dei fleste flyttar mellom desse fellesskapa utan nemnande problem. I møte med eit aldersspenn der valdynamikken i marknaden på mange måtar definerer tilnærminga til fellesskap, er det avgjerande at kyrkja som heilskap byd på eit mangfold av fellesskap, men at ho på same tid er særleg merksam på dei som av ulike grunnar fell utanfor desse fellesskapa.

Dei ulike kyrkjelege fellesskapa som set søkjelyset på unge menneske, har ei dobbel plikt: Dei må leva tett på samtidskonteksten og den verda dei unge lever i. Dessutan må dei ta på alvor at dei høyrer til ein større kyrkjeleg samanheng der mangfaldet av fellesskap saman er ansvarleg for å forvalta og formidla kyrkjeavveren og det oppdraget kyrkja har: Dei skal styrkja og utfordra – myndiggjera – den trua vi får i dåpen, og kalla nye menneske til eit liv i samfunn med den treeinige Gud. Mangfaldet av kyrkjelege fellesskap skal utrusta alle døypte til det livet dei er døypte til, eit liv på Kristi eine lekam (1. Kor 12,13). Dette er utgangspunktet både for mangfaldet og einskapen i kyrkja: "For liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg. Men de er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han." (1. Kor 12,12.27)

TEKSTBOKS: VISSTE DU AT ... (FAKTABOKS)

- Kjensla av å høyra til i kyrkja er lågast i aldersgruppa 18–30 år.
- Nesten 1/3 av alle som melder seg ut av Den norske kyrkja, gjer det når dei er mellom 18–30 år, men berre 15 % melder seg ut etter at dei har fylt 50 år (2007).
- I 2007 var det nesten 2500 i aldersgruppa 18–30 år som meldte seg ut av Den norske kyrkja.
- Medlemsprosenten for denne aldersgruppa ligg òg noko lågare enn for aldersgrupper over førti år, litt under 75 % (2007).
- Det er få i alderen 18–30 år som blir døypte i Den norske kyrkja, i snitt sju frå kvart årskull (2007).
- 67,2 % i aldersgruppa 18–34 år har vore i kyrkja siste tolv månadene i samband med dåp, bryllaup, gravferd, konfirmasjon, konsert og så vidare, mot 72,4 % totalt (2000).
- 40,3 % av dei spurde i aldersgruppa 18–34 år seier at dei aldri går til gudsteneste eller religiøst møte, mot 30,7 % av 35–54-åringane (2000).
- Berre 32,8 % i aldersgruppa 18–34 år meiner at oppsedinga i heimen var prega av kristen tru og moral (2000).
- *På kva måte utfordrar dette kyrkja?*

TEKSTBOKS: VISSTE DU AT ... (FAKTABOKS)

- Over 90 % av norske 16–18-åringar tek vidaregåande utdanning (2006).
- Tre av ti 19–24-åringar vel høgare utdanning (2006).
- 16 % av 25–29-åringane vel høgare utdanning (2006).
- I Noreg har tre av ti i aldersgruppa 25–64 år fullført utdanning på universitets- og høgskulenivå (2006).
- I aldersgruppa 18–29 år er 9,1 % gifte og 16,5 % sambuande (2009).
- Gjennomsnittsalderen for førstegongsfødande er 28,1 år og har vore stabil dei fire siste åra. Gjennomsnittleg fødealder for alle fødslar har vore 30,3 år dei tre siste åra (2008).
- Gjennomsnittsalderen for førstegongsfedrar var 33,4 år i 2008 og har vore stabil dei siste seks åra med verdiar mellom 33,1 og 33,4 år (2008).
- Rekna i prosent er det flest arbeidslause i aldersgruppa 18–30 år (2007).
- *På kva måte utfordrar dette kyrkja?*

For nokre er alderen 18–30 år også ein sårbar livsfase. Både oppbrotet frå barne- og ungdomstida og det å skulla etablira seg som voksen, aktualiserer eksistensielle, sosiale og psykiske utfordringar. Livsfasen inneber ofte eit møte med ulike oppbrotsreaksjonar:

- Utfordringar i samband med å kome inn/ikkje kome inn på utdanning.
- Få/ikkje få jobb.
- Finna/ikkje finna ein å delalivet med.
- Livsmeistringsutfordringar knytt til samlivserfaringar.
- Få/ikkje få barn.
- Utfordringar knytt til endra sosiale samlivsmønster og rusproblematikk.

Åra 18–23 blir ofte skildra som ei overgangskrise som får tydeleg fram dei vanskelege kjenslene i overgangen ung–voksen. Det er viktig for kyrkja å vera ein relevant, tilgjengeleg og klok aktør i møte med spennet av livserfaringane i aldersgruppa 18–30 år. Her har kyrkja viktige erfaringar å arbeida vidare med ut frå den vekta som student- og feltpresttenesta legg på sjelesorg og diakoni. Plan for diakoni seier det slik: ”Nestekjærleik omfattar alle sider ved menneskelivet. Det er periodar i livet der ein har evne og høve til å gi, andre gonger treng ein å få.” (Plan for diakoni 2008:9). Aldersgruppa 18–30 år er ei brei og mangesidig utfordring til kyrkja, men det er heilt avgjerande for framtida til folkekyrkja at ein satsar på denne aldersgruppa. Ressursdokumentet *Myndig tru – mangfoldige fellesskap* ønskjer å vera eit strategidokument for kyrkja og hennar satsing på aldersgruppa 18–30 år. I denne aldersfasen er det særleg viktig å myndiggjera heile mennesket og trua som vi får i dåpen. Men det kan skje på fleire måtar: Det handlar om å utvikla gudstenestefellesskapet i kyrkja slik at fleire i denne aldersgruppa finn vegen dit. Men det handlar òg om korleis kyrkja viser omsorg for alle

dei i denne alderen som ikkje finn vegn til gudstenestefellesskapet, men som i ulike livssituasjonar treng å møta kyrkja og den evangeliske omsorga som kyrkja forvaltar. Dette dokumentet vil utfordra heile Den norske kyrkja og kvar kyrkjelyd til kontekstuell refleksjon der desse spørsmåla er særleg viktige:

- *Kva kjenneteiknar aldersgruppa 18–30 år i vår kontekst?*
- *Korleis er dei ein ressurs i kyrkja?*
- *Korleis er deira erfaringar ei utfordring for kyrkja?*
- *Korleis kan ein møta desse utfordringane?*
- *Korleis kan ein vidareutvikla og fornya arbeidet med aldersgruppa 18–30 år i vår kontekst?*
- *Korleis kan kyrkja utrusta menneske i denne aldersgruppa til teneste for nesten og skaparverket?*

Konteksten: Mellom marknad og møte

Dei som er i alderen 18–30 år, er kanskje dei fremste eksponentane for det marknadsprega valsamfunnet vi lever i. Dei er både *marknadsleiande* og *marknadsprega*. Dei er marknadsleiande på den måten at dei ofte er ”i front” når det gjeld trendar, slik at deira val og preferansar kan gi eit visst inntrykk av kva val og preferansar som kjem til å prega heile samfunnet i framtida. Dei er marknadsprega fordi dei meir enn andre lever ut mobiliteten som kjenneteiknar den seinmoderne marknaden. Aldersspennet 18–30 år omtalar vi i dag ofte som Generation Y, ofte avgrensa til dei som er fødde i åra 1977–2000 (ca.). Vi omtalar dei òg som E-generation, Trophy Kids eller millenniumsgenerasjonen. Numerisk sett er det ein liten generasjon fordi fødselstalet i denne perioden gjekk ned, men generasjonen set likevel i stor grad preg på samfunnet. Ei kyrkje som verkeleg vil gjera noko for denne aldersgruppa, må òg ta marknadsdynamikken på alvor utan at det kyrkjeleg arbeidet mellom unge i denne alderen dermed skal vera marknadsstyrt. På same tid er det viktig å hugsa at menneske i denne generasjonen lever i ulike livsfasar. Skal kyrkja satsa på denne målgruppa, må ein ha klart for seg at ikkje alle er uetablerte studentar i ein av dei store byane. I nokre tilfelle er det særleg her kyrkja kan møta på store utfordringar:

- Korleis blir lokalkyrkjelyden kjend med kva aldersgruppa 18–30 år treng og er interessert i?
- Korleis stiller kyrkja seg til unge vaksne utanfor dei store byane som ikkje har eller skal gifta seg i kyrkja eller har små barn?

Denne generasjonen er òg den første som verkeleg har lært seg å bruka den kommunikasjonsrevolusjonen som går føre seg no. Med mobiltelefon og Internett har dessutan dei som veks opp i dag, fått større aksjonsradius. For ein del kan det likevel vera krevjande nok: Vala ein står overfor som ung voksen, er ikkje lenger nødvendigvis heilt opplagde ut frå tradisjon eller sosiale strukturar. Ein er dømd til å velja. Identiteten vår blir meir enn før forma gjennom ein prosess der utfallet er ope. Det set større krav til individet. Auka krav til å stå fram med ein identitet som merkar seg ut, og med eit liv som flyt smertefritt mellom ulike kontekstar, blir utfordra av ein djup trøng etter fellesskap og ei veksande interesse for stader og tradisjonar, etter kontinuitet og ei kjensle av å høyra til, etter noko som er autentisk, som er ”ekte”. I ein del samiske område der ein til dømes flyttar mellom samiske majoritets- og minoritetsområde, kan ei slik utfordring bli særleg vanskeleg. På same tid er denne erfaringa uttrykk for ei allmenn utfordring: Alle oppbrot utfordrar til identitetsforvaltning.

- Korleis opplever eg banda mine til heimen og heimstaden min etter at eg har flytta?
- Eller: Korleis opplever eg banda til heimen og heimstaden min etter at mange av dei jamgamle vennene mine har flytta?

- Og ikkje minst: Korleis påverkar slike oppbrot forvaltninga av identiteten min når det gjeld trua mi og kyrkja eller kyrkjelyden?

TEKSTBOKS: KOMMUNIKASJON

I møte med ein generasjon som har vakse opp med den digitale kvardagen og brukar nettet aktivt for å skaffa seg informasjon, blir kyrkja utfordra på kommunikasjon. Aldersspennet 18–30 år er òg tida der ein byrjar på studie- og yrkeslivet. For mange inneber det å flytta til nye stader og å bryta opp frå kyrkjelyden som har vore ramma om barne- og ungdomsåra. God kommunikasjon handlar ikkje om nok informasjonsflyt, men utfordrar kyrkja på ei side ved det diakonale oppdraget – korleis kyrkja er til stades i møte med ulike livslagnader.

- Korleis kan kyrkja bli betre til å kommunisera med aldersgruppa 18–30?
- Korleis kan kyrkja koma nærmare og kommunisera betre i overgangsfasar, til dømes når det gjeld flytting frå heimekyrkjelyd til studentliv eller arbeidsliv ein annan stad?
- Korleis kan heimekyrkjelyden vera ein sendekyrkjelyd for dei som må bryta opp og flytta til ein ny stad?
- Korleis kan dei ulike mottakarkyrkjelydane inkludera flest mogeleg i denne aldersgruppa?

TEKSTBOKS: REKRUTTERING

Rekruttering av unge menneske til kyrkjeleg teneste er heile tida ei utfordring. Mykje tyder på at denne utfordringa ikkje blir mindre i åra som kjem. Særleg krevjande er det i samiske område, der det truleg trengst ekstra oppfølging frå kyrkja. Det er heile tida òg ei utfordring korleis kyrkja kan bli ein relevant samtalepartnar for denne aldersgruppa i utviklinga av eigen identitet – og når det gjeld yrkesval.

- Korleis skal ein rekruttera unge menneske til kyrkjeleg utdanning?
- Korleis kan ei medviten satsing på kyrkjeleg arbeid med unge (15–30 år) vera med og rekruttera til kyrkjeleg teneste?
- Korleis kan kommunikasjon om og kall til kyrkjeleg utdanning i siste delen av ungdomsfasen 15–19 år medverka til at fleire unge vel kyrkjeleg utdanning, særleg i samiske område?

Det er heller ikkje overraskande at denne livsfasen er ei tid for kyrkjeleg oppbrot. Nokre vil gjer seg andre kyrkjelege erfaringar enn dei erfaringane dei fekk i barne- og tenåringsfasen. Det at ein særleg i første delen av dette alderspennet vel bort aktiv kyrkjeleg deltaking, er ikkje noko særnorsk fenomen. Dei som gjer det, vender ikkje nødvendigvis tilbake i vaksen alder. Det er gjort fleire undersøkingar både i Europa og USA av korleis deltaking i kyrkjelege fellesskap utspelar seg i denne aldersfasen, og korleis 18–30-åringar forstår det å høyra til i kyrkja og i kyrkjelege fellesskap. Eit hovudtrekk ved desse undersøkingane ser ut til å vera at oppbrot frå kyrkjelege fellesskap først og fremst er knytte til livs(fase)endringar og relasjonar: Det blir for travelt, ein vil ha ein pause, ein flyttar til studiar eller jobb, ein reiser, eller ein kjem inn i nye relasjonar som blir avgjerande for kva fellesskap ein vel å tilhøyra. Like eins viser desse undersøkingane at dei som finn vegen til kyrkjelege fellesskap i denne aldersfasen, gjer det gjennom relasjonar og eksistensielle livsfaseerfaringar. Og dei blir verande fordi desse fellesskapene blir ein meiningsberande del av kvardagen her og no.

Det verkar som ein i denne aldersfasen, langt meir enn før, legg eit funksjonsdefinert mål på kvifor ein vel å vera med i ulike fellesskap, kyrkjelege eller ikkje. I ein marknad av ulike religiøse fellesskapstilbod vel ein etter profil, behov og dei vala som venner gjer. Fleire undersøkingar tyder òg på at erfaringar frå 15–18-årsfasen, til dømes frå konfirmanttida, ofte er heilt avgjerande for om ein opplever at kyrkja og rituala, handlingane og fellesskapet der er relevante og verdifulle: Dei erfaringane ein gjer seg med kyrkjelege fellesskap i slutten av tenåra, medrekna konfirmasjonstida, spelar ei avgjerande rolle for om folk i aldersgruppa 18–30 år vel å meld seg ut av kyrkja eller ikkje. I ein del land der det kan vera økonomisk forlokkande å meld seg ut (til dømes i Finland), er 18–30-årsfasen særleg kritisk, for då er det etter måten mange som vel å meld seg ut. Organiseringa av kyrkjeleg medlemsskap i

Noreg gjer at ein ikkje treng ta slike omsyn i ein norsk samanheng. Men det er likevel slik at i aldersgruppa 18–30 år er det flest utmeldingar også i Den norske kyrkja. Noko handlar truleg om livsfase, men det bør likevel utfordra Den norske kyrkja til å tenkja nytt og utvikla satsinga på aldersgruppa 18–30 år. Kanskje trengst det òg meir empirisk forsking på denne aldersgruppa, særleg kvalitativ forsking som kan sei noko om kva som er avgjeraande for å høyra til i kyrkja, og kva som gjer at ein i denne aldersgruppa deltek i kyrkjelege fellesskap.

- Korleis kan Den norske kyrkja hjelpe aldersgruppa 18–30 år til å kjenna seg meir heime i kyrkja?
- Korleis kan ein med å byggja vidare på konfirmantarbeidet hjelpe aldersgruppa 18–30 år til å kjenna seg meir heime i kyrkja?

Myndig tru

Trua får vi i dåpen. Då blir den døypte frelst frå synda og døden og sameina med Kristus til eit fellesskap som er rotfesta i Kristi død og oppstode. Trusopplæring er opplæring i den trua vi fekk i dåpen. Ei slik opplæring skal gi hjelp til å tolka og leva i lys av dåpsgåva i stadig nye kontekstar og gjennom stadig nye livsfasar. I trusopplæringsplanen til Den norske kyrkja er det sett sokjelyset på trusopplæringa som ei livslang læring, og om tida etter konfirmasjonstida heiter det:

I ungdomstiden etter konfirmasjonsalder kan trosopplæringen bygge videre på den kontakten som er etablert gjennom konfirmasjonstiden. Her vil det være mulig å utvikle ”linjetilbud” der man får mulighet til å utvikle seg selv som menneske i samspill med andre. Trosopplæringen vil kunne ha en noe annen karakter enn før konfirmasjonen, der almennmenneskelige temaer som ungdom er opptatt av, relateres til troen. Ungdomsgudstjenester kan være en hovedarena for kirkens trosopplæring i ungdomsfasen, der ungdom involveres i planlegging og gjennomføring. (Plan for trosopplæring i Den norske kirke: 18)

I sum set trusopplæringa for aldersfasen 15–18 år sokjelyset på deltaking i gudstenestelivet i kyrkjelyden og på trusopplæringstilbod som er fleksible og på same tid faste. Målet med det er at kyrkja skal kunna koma i dialog med dei ulike ungdomsarenaene. Mange av dei som er aktive i ulike former for kyrkjeleg ungdomsarbeid i aldersfasen 15–18 år, blir det gjennom konfirmasjonstida. Det er heilt avgjeraande at Den norske kyrkja arbeider vidare med korleis konfirmasjonen som eit breiddetiltak for alle døypte, kan førast vidare i åra etterpå gjennom eit mangfold av kyrkjeleg ungdomsarbeid: Oppfølgjande leiartreningskurs av ulikt format, gudstenestearbeid og gudstenesteliv som utfordrar og engasjerer, mindre fellesskap, interesse- og behovsretta fellesskap og ikkje minst deltaking i ungdomsarbeid som alt er i gang, og som ofte blir drive av dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane. På same tid er det òg avgjeraande at desse ulike fellesskapa er medvitne på korleis dei utrustar og sender ut til vidare liv i ulike kyrkjelege fellesskap i andre kontekstar.

I den same trusopplæringsplanen, under kapitlet om konfirmasjonen, står det:

Konfirmasjonen markerer ikke lenger den unges overgang til de voksnas rekker. I dag gir konfirmasjonen god anledning til dialog mellom kirkja og ungdommene når de er i en alder der viktige refleksjoner om tro, verdier og veivalg for livet skal foretas. Religiøs myndighetsalder er i Norge femten år. Konfirmasjonen kan dermed også ses som en tid for myndiggjøring av kirkens medlemmer. (Plan for trosopplæring for Den norske Kirke: 20).

Myndiggjering kan vera ei hovudoverskrift på det arbeidet kyrkja driv for aldersgruppa (15)18–30 år. Som 15-åring blir ein religiøst myndig, og i Noreg fell det saman med tida for konfirmasjon. Når ein blir 18 år, blir ein myndig i borgarretsleg tyding. Det er heilt avgjeraande å halda saman aldersfasen 18–30 år med det som skjer frå konfirmasjonen og fram

til 18-årsalderen. Difor kan det vera meiningsfullt å forstå konfirmasjonen som byrjinga på vaksenkatekumenatet i kyrkja, ikkje som avslutninga på barnekatekumenatet. Dette katekumenatet skal vekkja og styrkja ei myndig tru. Det skjer ved at ein oppdagar og utforskar mangfaldet i den trua vi får i dåpen.

TEKSTBOKS: TRE STRATEGIAR – NEDANFRÅ, OVANFRÅ OG NYE IDEAR

1) Trusopplæring nedanfrå

Dei siste åra har Den norske kyrkja vore oppteken med å utvikla ei systematisk trusopplæring for aldersgruppa 0–18 år. Denne satsinga krev òg ei systematisk oppfølging i den neste aldersfasen, 18–30 år, mellom anna fordi mange av dei som har vore engasjerte i ulike trusopplæringsstiltak, etter kvart kjem i denne gruppa. Utviklinga av trusopplæringsstrategiar for aldersgruppa 18–30 år krev at ein tenkjer nytt og er idérik. Ikkje minst er det avgjerande å byggja vidare på konfirmasjonen og eventuelle tiltak som kjem etterpå.

- Korleis kan ein med utgangspunkt i konfirmasjonstida laga trusopplæringsstrategiar som fører inn i den neste aldersfasen?
- På kva måte kan gudstenestelivet i kyrkjelyden femna om (15)18–30-åringar?

2) Trusopplæring ovanfrå

I denne aldersfasen kan også kyrkjelege handlingar vera eit viktig kontaktpunkt med kyrkja. Mange i denne gruppa kjem i denne perioden eller i tiåret etterpå til å møta kyrkja ved dåp, anten som foreldre eller fadrar, og ved vigsel. Nokre har dessutan barn i barnehagealder som òg inneber ei rekke kontaktpunkt med lokalkyrkja, til dømes helsing på dåpsdagen og 4-årsbok. På same tid må ein sjå på korleis ei vidareutvikling av tiltak som alt er i gang, kan supplerast med ”nye” tiltak slik at ein kan nå breidda av dei døypte i dette aldersspennet.

- Korleis kan kyrkja bruka dåpssamtale og vigselsamtale som utgangspunkt for arbeid med aldersgruppa 18–30 år?
- På kva måte kan samlivs- eller relasjonskurs eller tiltak retta mot barn og foreldre, til dømes babysong eller utdeling av 4-årsbok, fungera som kyrkjeleg arbeid for aldersgruppa 18–30 år?

3) Nye idear

Det er òg viktig å utarbeida tidsavgrensa tiltak, til dømes nye ritar, og meir kontinuerlege tiltak, til dømes gudstenester, behovsretta kurs eller mindre fellesskap. Fleire unge i denne aldersgruppa spør etter fellesskap og samanhengar der det er rom for å dela og læra om tru på ein måte som dei opplever er relevant utifrå deira livssituasjon.

- På kva måte er unge menneske der du bur, ein ressurs for heile kyrkjelydsfellesskapet?
 - Kva fellesskap treng unge menneske i din kontekst?
 - Kven snakkar du med for å finna dei gode ideane?
- **Korleis kan ein kombinera desse tre strategiane?**

DØME PÅ PRAKSISFORTELJING: GO WEST!?

Dei seinare åra har både den katolske kyrkja og til dømes den lutherske kyrkja i USA arbeidd mykje med å fornya vaksenkatekumenatet i tråd med den oldkyrkjelege katekumenattradisjonen. I den katolske kyrkja kallar dei dette oftast for R.C.I.A. – Rite of the Christian Initiation of Adults. I den lutherske kyrkja i USA, ELCA, har ein omtala dette som Adult Catechumenate. Dette har skjedd som ein del av ei gjenoppdagning av kva som er det særeigne ved oppdraget til kyrkja i ein kultursituasjon som liknar den oldkyrkjelege kultursituasjonen, der mange ikkje får kjennskap til kristen tru i familien. Dei som blir med på slike kurs eller opplegg, gjer det ofte med utgangspunkt i dåp eller vigsel, gjennom kjennskap til andre som har vore med før, eller med utgangspunkt i erfaringar som gjer at dei vil søkja eit kyrkjeleg fellesskap. Alle som deltek, får ein personleg fadder eller rådgivar og blir med i eit mindre fellesskap.

Katekumenatet er bygt opp etter kyrkjeåret og byrjar om hausten. Den første tida fram mot advent skal ein finna ut kva som er dei sentrale livs- og trusspørsmåla. I openberringstida og

fastetida går ein så til kjeldene for å undersøkja og oppdaga dette. Denne læringstida fører så fram til påsketida, der ein på ei gudsteneste påskennatta blir døypt eller feirar at ein vart døypt gjennom ei dåpspåminning. Likevel er det tida etter påske og fram til pinse som er avgjerande i dette opplegget. Då skal ein prøva å finna ut kva vandringa med Kristus skal få å seia for heile det livet ein er sett til å leva – i familien, i lokalsamfunnet, på arbeidsplassen, i fritida, på skulen. Denne refleksjonen fører fram mot ei konfirmasjonsliknande handling. Ved pinse blir ein send ut med forbøn og velsigning til teneste i verda, i kvardagen.

- *Korleis kan kyrkja bruka erfaringane frå eit slikt opplegg i arbeidet mellom dei unge vaksne i Noreg?*

Det Lutherske Verdsforbundet (LWF) gav i 2004 ut boka *Mission in Context*. Der teiknar dei teiknar opp den trinitarisk funderte sendinga knytt til tre hovudomgrep – *transformation, reconciliation* og *empowerment* – forandring, forsoning og myndiggjering. Myndiggjering refererer til Jesu ord i Apostelgjerningane 1,8: ”Men de skal få kraft når Den heilage ande kjem over dykk, og de skal vera mine vitne i Jerusalem og heile Judea, i Samaria og heilt til enden av verda.” Vidare legg ein vekt på at den treeinige Gud myndiggjør alle kristne i heile Guds kyrkje ved å gi dei del i Andens gåver. Denne guddommelege myndiggjeringa av den døypte verk til forsoning og forandring. Det avgjerande er at Gud er det handlande subjektet for denne myndiggjeringa og gir av sine gåver (*Mission in Context* 35–36). Oppdraget til kyrkja er å myndiggjera alle dei døypte medlemmane ved å la dei oppdaga korleis Den heilage ande verkar i livet deira. Slik kan ein sjå at ein er del av ei større sending og eit større fellesskap.

I aldersfasen 18–30 år er oppbrot og flytting ei grunnerfaring. Menneske i denne gruppa vel dessutan ofte kritisk kva dei skal vera med på, etter kriterium som går på relevans og autentisitet (det som er ekte). I denne fasen er det derfor om å gjera å setja søkjelyset på myndiggjering. Det er ikkje lenger mogeleg å satsa berre på aldersdefinerte tiltak som til dømes 4-årsbok eller konfirmasjon, for i denne aldersgruppa er ein på ulik plass alt etter alder. Truleg må kyrkja i større grad utvikla behovs- og funksjonsdefinerte tiltak slik at unge menneske kan erfara at den kyrkja dei er døypte inn i, er livsnær. Dette handlar ikkje om ukritisk marknadstilpassing av bodskapen, men om omsorg for mangfaldet. Det handlar om at mange unge kan uttrykkja at dei ikkje treng Gud og kyrkja i kvardagen. Dette er ei stor og viktig utfordring for kyrkja og den måten ho forstår seg sjølv på. Difor er det heilt avgjerande at dei ofte funksjonsdefinerte møta som finn stad, kan vera med og myndiggjera den trua som vi får i dåpen. Med utgangspunkt i slike møte kan døypte kvinner og menn i denne aldersfasen bli myndiggjorde til å sjå og tolka mangfaldet i livet sitt – relasjonar, arbeid, studiar, reiser, fritid – som ei gave – som ein del av Guds sending til verda: Evangeliet som kyrkja lever av, er Ordet om at den treeinige Gud heile tida skapar si kyrkje utanfrå ved å gi oss del i sin frelsande nåde og sine gåver. Slik blir vi myndiggjorde til å vera med i den forandringa og forsoninga som Gud ønskjer i verda – i teneste for nesten og skaparverket.

TEKSTBOKS : KVAR ER VI, KVAR ER KYRKJA, I KVARDAGEN TIL UNGE MENNESKE?

- når ein bryt opp frå heimen
- når ein leitar etter eit spennande studium
- når ein jaktar etter ein god livspartner
- når ein lurar på kva ein skal gjera når ein blir gravid utan å ha planlagt det
- når ein etablerer seg på ein ny stad
- når ein søker jobb
- når ein leitar etter trygg identitet
- når ein spør seg korleis ein kan vera med og arbeida for ei betre og meir rettferdig verd
- når ein har spørsmål om eigen seksualitet

- når ein opplever skilsmiss
- når ein blir ramma av sorg
- når ein spør seg om ein skal døypa barna sine eller ikkje

Den tyske teologen Dietrich Bonhoeffer tala òg om myndiggjering. For han var det eit poeng at vi må tiltala mennesket med evangeliet der det kjenner seg sterkest, midt i livet. Trua og evangeliet er inga krykkje. Berre ved å tiltala mennesket med evangeliet der det kjenner seg sterkest, kan evangeliet verka myndiggjerande. I ei større undersøking av unge vaksne i britisk kontekst vart også myndiggjering (*empowerment*) ein hovudkonklusjon for korleis kyrkja bør møta dei som no er i aldersgruppa 18–30 år. Familie i vid tyding er viktig for unge vaksne, og i arbeidet med aldersgruppa 18–30 år må kyrkja difor ta på alvor og koma i dialog med dei ulike familie- og relasjonsnettverka som menneska i denne aldersgruppa er ein del av. Slik kan ein styrkja og myndiggjera dei unge i denne aldersgruppa til å leva og fostra ei myndiggjord tru og eit heilt liv i alle dei relasjonane og på alle dei stadene dei er ein del av. Ei slik tilnærming kan òg knytast til ei luthersk forståing av kallet og til ein misjonsprega dåpsteologi. Som kristne er vi kalla til å leva i Guds verd og brukar dei gavene Gud har gitt oss, til glede og i teneste for nesten og skaparverket. Som kyrkje og kristne har vi ved dåpen del i ei sending til verda. Vi er myndiggjorde til å vera Guds medarbeidarar i verda, i vårt eige liv og for andre. Difor høyrrer misjonsperspektivet og myndiggjering nøyse saman. Kyrkjeleg arbeid med unge i aldersfasen 18–30 år må hjelpe til så vi får til ei ”sending frå barndoms- og tenåra” til liv og teneste i Guds verd. Denne sendinga er festa i trua som vi får i dåpen, og til kallet om å leva som heile menneske i Guds skaparverk.

Mangfaldige fellesskap

Dei fleste unge i dag er gode på å flytta mellom ulike arenaer der ein vekslar mellom ulike handlingsmønster, ritual og vanar. Det ser ut til å vera uproblematisk å gå inn og ut av ulike tradisjonar og kontekstar. Når ein er på skulen, leikar ein skuleleiken og er aktiv i det handlingsmønsteret og dei rollene denne leiken krev. Når ein er i kyrkja, leikar ein kyrkjeleiken i tråd med kyrkjetrodisjonen. Er ein på kjøpesenter, leikar ein kjøpesenterleiken. I familien leikar ein familieleiken. Som ung lærer ein seg kunsten å flytta mellom dei ulike kontekstane – mellom delte heimar, mellom ulike vennegjengar, til studieliv, til utlandet. Utviklinga av eigen identitet handlar òg om å byggja ein identitet som kjennest samanhengande, som bind dei ulike kontekstane saman. Dette er ei spennande utfordring for kyrkja og trua.

Mykje tyder på at dei forventningane som denne aldersgruppa har til fellesskap, materialiserer kva slags utfordringar kyrkja kjem til å møta i framtida. Det kan kanskje særleg merkast på at det ikkje lenger er alder som definerer kyrkjeleg deltaking, men funksjon, behov, kultur og livsfase. For mange er det òg viktig å oppleva fellesskap på tvers av generasjonane. Her har kyrkja som fellesskap ein særleg styrke. Utfordringa for kyrkja er å byggja og invitera til eit mangfold av fellesskap og nettverk. På same tid har Den norske kyrkja eit særleg høve og ei utfordring med tanke på korleis dette skal formast i det som er grunnstrukturen i Den norske kyrkja, soknet.

Kyrkja og kyrkjelege fellesskap kan bli ein *stad* også for unge menneske. Med *stad* tenkjer ein då på ein plass der det har hendt noko viktig som blir hugsa og formidla vidare til nye generasjonar og menneske, slik at staden tilbyr kontinuitet, identitet og tilhøyre på tvers av generasjonar. Slike stader kan bli kraftsenter for dei unge når dei byd på eit møte med den store forteljinga og mi eiga forteljing.

For disiplane vart møtet med den oppstadne Kristus i Jerusalem ein slik stad, eit møte mellom deira eiga forteljing og den store forteljinga. Det kristne fellesskapet kan òg vera ein stad som bind saman dei mange romma som unge menneske flyttar mellom. Ungdomstida byd ofte på sterke fellesskapsopplevelingar. I arbeidet med dei unge skal kyrkja verken utnytta eller frykta ein slik dynamikk. Difor er det viktig å reflektera over kva slags stad vi ønskjer at dei kristne fellesskapa våre skal vera. Kyrkja må by dei unge på fellesskap som hjelper dei til å binda saman tru og eiga livshistorie. Måten som dei ulike fellesskapa – familien, vennefellesskapet, kyrkjelyden – lever og praktiserer trua på, er heilt avgjerande for om dei unge som er med i desse fellesskapa, opplever at trua er meiningsfull. Også måten ein talar om Gud og trua på, er heilt avgjerande. Det er om å gjera at desse fellesskapa gir rom for å tala om og å søkja ein Gud som er til stades i kvardagen. Erfaringar med korleis trua blir levd og praktisert i fellesskap som talar om og med Gud i notid, er avgjerande for at trua kan modnast og følgja ein når ein flyttar.

TEKSTBOKS: GUDSTENESTA SOM EIN STAD

Den norske kyrkja er i ferd med å gjennomføra ei stor gudstenestereform. Dei tre kjerneverdiane i denne reforma er *deltaking, involvering* og *stadeigengjering*. Desse tre verdiane blir òg avgjerande for gudstenestearbeidet i aldersgruppa 18–30 år. Gudstenesta som eit fellesskap verkar å vera ein viktig *stad* for mange av dei i aldersgruppa 18–30 år som er aktive i kyrkjelege fellesskap, særleg i dei store byane. På same tid veit ein mindre om kva type gudstenestefellesskap som fungerer eller kan fungera for unge i denne aldersgruppa utanfor dei store byane slik at gudstenestelivet og gudstenestefellesskapet kan bli ein *stad* som bind saman dei mange romma som dei unge i denne aldersgruppa flyttar mellom.

- Korleis kan kyrkjelyden der du bur, eller prostiet du bur i, stimulera lokale og kontekstuelle prosessar når det gjeld deltaking av aldersgruppa 18–30 år i gudstenestelivet?
- Kva kan vera tid, rom og rammer for slike fellesskap, og korleis skal eventuelle målgruppfellesskap relatiera seg til heile det kyrkjelege fellesskapet?

Korleis skal så kyrkja skapa slike fellesskap som er meiningsfulle og gir grobotn for ei mobil tru? Dei siste tiåra har ein i fleire kyrkjesamfunn i ulike land arbeidd med å byggja eigne kyrkjelydar for unge. I boka *Youth Congregations and the Emerging Church* frå 2002 hevdar biskopen i den anglikanske kyrkja, Graham Cray, at organiseringa av eigne kyrkjelydar for unge kan vera ei rett løysing ein del stader. Cray argumenterer for dette langs tre liner:

1. *Sosiologisk*: Svært få unge i ein britisk kontekst har kunnskap og kjennskap til kva det vil seja å leva som kristen. Kyrkja har gjennom sine vanlege strukturar ikkje vore i stand til å nå ut til denne gruppa. Ei kyrkje som vil ta del i Guds mangfaldige misjon i verda, må opna opp for det mangfaldet av alternativ som den nye kultursituasjonen gir til kyrkja og hennar arbeid blant unge.
2. *Utviklingspsykologisk*: Ungdomstida er ei strategisk viktig tid for val av tru. 70 % av dei som kjem til tru, gjer det før dei er 20 år.
3. *Teologisk*: Gud er i sin natur er ein som sender. Faderen sender Sonen, og Faderen og Sonen sender Anden. Difor må kyrkja òg vera ei sending utover, i dette tilfellet til dei unge, og ikkje berre ei kom-til-oss-rørsle. Ein trinitarisk og misjonal ekklesiologi bør sjå det som ein viktig del av kyrkja og det ho kan gi ungdomskulturen, å vurdera alternative fellesskap for unge.

På den andre sida meiner Cray det er viktig å skilja mellom ungdomskyrkjelydar og ungdomskyrkjer (*youth congregations and youth churches*). Ein ungdomskyrkjelyd er ei

forsamling unge med ei eller anna form for offisiell og ordna tilknyting til kyrkja på staden – anten til det lokale soknet/prestegjeldet, til prostiet eller direkte til biskopen. Å tala om ungdomskyrkje meiner Cray er meir eksklusivt og potensielt kyrkjespittande fordi ein slik storleik fort blir meir frittstående i høve til resten av kyrkja på staden.

TEKSTBOKS: EIGNE KYRKJELYDAR FOR UNGE VAKSNE?

Dei siste tiåra har det også i Den norske kyrkja vakse fram kyrkjelydar eller fellesskap som set søkjelyset særleg på ungdom og unge vaksne. Desse kyrkjelydane eller fellesskapa er gjerne ein del av det forsamlings- og nettverksarbeidet som dei kristne organisasjonane driv i dei største byane. Denne utviklinga er spennande, men her er det store kontekstuelle skilnader og difor ulike utfordringar. Når ein skal vurdera korleis ein arbeider med dette lokalt, kan det vera nyttig å ta for seg desse problemstillingane:

- Korleis kan kyrkja og gudstenestelivet i vår kontekst best koma i dialog med unge og deira kultur og livsverd?
- Korleis skal ein i vår kontekst arbeida for best å nå dei (unge) menneska som kyrkja ikkje når med sitt arbeid?
- Korleis kan unge best få del i den ressursen det er å bli kjend med andre generasjonar og aldersgrupper og deira liv og truserfaringar?
- Korleis skal eventuelt eigne fellesskap av unge vaksne stilla seg til det større kyrkjelege fellesskapet?
- Kven kan arbeida som vaksne rettleiarar og mentorar i slike fellesskap? Korleis kan ein eventuelt ”trena opp” slike rettleiarar lokalt?

Martin Luther arbeidde med å utvikla nye gudstenester og nye gudstenestefellesskap for å nå nye menneske. Det som for Luther skapar kyrkje, er Guds Ord forkynt, altså Kristus. I si innleiing til *Ei tysk messe* (1526) talar han om tre typar messer der dette kan skje – den latinske messa, den tyske messa og ei tredje messe, som er meint til åndeleg fordjuping for dei som ønskjer det. Den latinske messa skulle vera for dei stadene der ein hadde ressursar til ei litt meir storslegen gudstenestefeiring, til dømes i ein katedral. Den tyske messa skulle vera for dei som ikkje er kjende med kristen tru og fellesskap, med eit særleg søkjelys på dei unge. Luther såg nok helst for seg at vegen gjekk frå det store fellesskapet til det mindre, men i vår tid kan ein også tenkja seg at det er mogeleg å gå frå det vesle fellesskapet til det store. Det vesle fellesskapet er ofte tettare og meir dynamisk – knytt til at ein meir eller mindre er i same livssituasjonen. I slike fellesskap kan ein oppleva at trua blir livsnær på ein annan måte enn i det store fellesskapet. På same tid er eit mindre (gudsteneste)fellesskap heilt avhengig av relasjonen til eit større. Erfaringane i det mindre fellesskapet kan førebu ein på eit liv i det store fellesskapet – og omvendt – og saman forvaltar mindre og større fellesskap den kyrkjelege arven og oppdraget i kvar lokal kontekst.

TEKSTBOKS: NETTVERKSFELLESSKAP

- Korleis kan nettverksfellesskap og mindre fellesskap som treffer målgruppa 18–30 år – til dømes samlivskurs, babysong, studentfellesskap, militærfellesskap, smågrupper – fungera som dynamiske og livsnære fellesskap som også kan visa vegen til eit større fellesskap?
- Korleis kan interessa som denne aldersgruppa har for kunst, læring og kunnskap, utfordra til å laga ulike former for fellesskapstilbod i kyrkjeleg regi, til dømes kurs, leifar og nettbaserte fellesskap?
- Korleis kan ulike fellesskap som målber det sosialetiske engasjementet i kyrkja, bli ein del av og utfordra mangfaldet av kyrkjelege fellesskap til handling?
- Kva type gudstenestefeiring kan ein ha i slike fellesskap?

Kyrkja kan ikkje i arbeidet med aldersgruppa 18–30 år prøva å stilla seg utanfor den seinmoderne forbrukarkulturen, men gå aktivt i dialog med kulturen. På same tid er det heilt avgjerande at alle fellesskap av unge (vaksne) må ha nære band til ei sendande kyrkje og helst

ein konkret kyrkjelyd. Det krev at kyrkja er svært medvitne på det å senda ut, og at ho har eit langsiktig perspektiv på sendinga. Elles kan etableringa av ungdomskyrkjelydar eller kyrkjelydar for unge vaksne vera med og forsterka splittinga mellom vaksensamfunnet og ungdomskulturen. Difor må dei som vel å engasjera seg som rettleiarar eller pastorar i ungdomskyrkjelydar, vera villige til å ha eit langt tidsperspektiv for å kunna følgja dei unge som blir med i eit slikt fellesskap eller ein slik kyrkjelyd. Det er heller ikkje sikkert at det blir særleg misjonalt i lengda å hindra gamle menneske i å få del i truslivet og visdommen til dei unge – og omvendt. Det avgjerande er korleis ein kan skapa ei god blanding av ulike typar kyrkjelege fellesskap – ein *kyrkjeleg blandingsøkonomi* – som gir rom både for tettare fellesskap, særleg i overgangsfasar, og for dei store og meir opne fellesskapa.

Mangfaldig tru – myndige fellesskap

Kom, følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar! (Matt 4,19)

Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! (Matt 11,28)

Jesu myndiggjering av disiplane blir til i samspelet mellom desse to ”kom”. Aldersspennet 18–30 år er tida for å rotfesta og utvikla ei myndig tru. Ein viktig del av dette handlar om å utforska mangfaldet og djupna i trua. Denne utforskinga finn ofte stad i eit samspel med erfaringar frå eit mangfald av ulike fellesskap. Alle kyrkjelege fellesskap må òg vera myndige. Med ”myndige” meiner ein her både at kyrkjelege fellesskap med unge treng å bli myndiggjorde formelt av den strukturen dei er ein del av, men òg at dei er medvitne på og tek ansvar for den samanhengen dei står i.

Både tenåra og åra seinare er ei viktig identitetstid då ein arbeider med å binda saman si eiga verd til eit heile. Det er ei tid for eksistensielle oppbroterfaringar som òg utfordrar diakonien og sjelesorga i kyrkja. Å vera kyrkje handlar om å dela evangeliet og visa omsorg for mangfaldet av menneske i denne aldersgruppa, også dei som ikkje finn vegen til gudstenestefellesskapet. Siste delen av ungdomstida er ofte avgjerande for verdi- og trusval og får følgjer for resten av livet. Erfaringane ein gjer seg i denne fasen, er òg ofte heilt avgjerande for vidare deltaking i kyrkjelege fellesskap eller seinare religiøs praksis. Difor er det viktig at kyrkja inviterer unge i aldersfasen 18–30 år til å erfara og skapa eit mønster for trua og livet som dei kan ta med seg til nye kontekstar og nye livsfasar. På same tid må arbeidet med aldersgruppa 18–30 år henga nært sammen med konfirmasjons- og ungdomsarbeidet i kyrkja. Kyrkja er kalla til å myndiggjera unge menneske ved å gi dei erfaringar med ulike måtar å praktisera trua på. Slik kan dei erfara korleis det er å leva med ei mangfaldig og myndig tru i ulike fellesskap og i skiftande kontekstar. Den norske kyrkja må utvikla og fornya arbeidet med aldersgruppa 18–30 år utifrå dette perspektivet – korleis vi som kyrkje kan gi rom for ei mobil tru, ei tru som både er myndig og mangfaldig, og som lever og modnast i samspel med eit mangfald av myndige fellesskap.